



**DEN NORSKE KYRKJA**  
Ei evangelisk- luthersk folkekyrkje



## Årsmelding for Åseral sokn 2023



## **Soknerådet i Åseral i 2023 til valet :**

Leiar: Åse Austrud  
Nestleiar: Lise Marit Tickner  
Medlem: Siren Håvorstad  
Medlem: Andreas Forgard  
Medlem: Birger Oskar Øyulvstad  
Medlem: Olav Åsland  
Varamedlemar: Elin Torhild Forgard  
Elling T Eikerapen

Geistleg representant: Sokneprest Kjell Steinbru  
Vararepresentant: Prost Rune Stormark

## **Etter valet: Soknerådet vart då redusert frå 6 til 4 faste representantar.**

Leiar: Åse Austrud  
Nestleiar: Siren Håvorstad  
Medlem: Grete Torhild Tveitstøl Forgard  
Medlem: Bente Forgard Lineikro  
Varamedlemar: Odd Arild Eikeland  
John Oddvar Selland  
Gerd Wenche Verdal

Geistleg representant: Sokneprest Kjell Steinbru  
Vararepresentant: Prost Rune Stormark

## **Råd og utval**

Råd utval	Medlemmar
Trusopplæringsutval	Sokneprest Kjell Steinbru, Andreas Forgard, Åse Austrud, Gunvor Ljosland og Arna Berg
Konfirmantutval	Sokneprest Kjell Steinbru, Astrid Skeibrok, Siren Håvorstad og Andreas Forgard.
Gudstenesteutval	Sokneprest Kjell Steinbru, Åse Austrud og Arna Berg.
Diakoniutval	Sokneprest Kjell Steinbru, Lise Marit Tickner og Arna Berg
Redaksjonskomite og styre for kyrkjebladet	Olav Åsland og Arna Berg
Kirkens Nødhjelp-kontakt	Arna Berg

## Personale:

Sokneprest: Kjell Steinbru.

Kyrkjeverje: Sjur Høgetveit

Kyrkjetenarar Åseral kyrkje: Åse Austrud vikar på timebasis.

Trusopplærar: Ingen tilsette, men fleire innleige på timebasis

Konfirmantarbeidar: Astrid Hegglund Skeibrokk på timebasis

Ringer i Åknes: Cay Håvorstad på timebasis

Organistar : innleigde: Oddbjørn Stakkeland, Knut Olav Uppstad, Ann Margret Haaland, Reidar Skaaland, Eirik Hodnemyr.

Reinhaldar i Åseral kyrkje: Åse Austrud

Reinhaldar Åknes kapell: Lise Marit Tickner på timebasis.

Kyrkjelydssekretær: Åse Torhild Guldsmedmoen. Tilsett i Evje og Hornes men utleigd til Åseral.

Klokkartenesta har blitt utført av frivillige, samt delar av kyrkjetenararbeidet.

**Klokkarar:** Tove Forgard, Inger Røysland Åsland, Arna Berg.

**Kyrkjefadrar:** Gerd Austegard Linjord, Inger Røysland Åsland, Grete Torhild Forgard, Anne Siv Lauen, Siren Håvorstad

## Oppgåver jfr. Trosamfunnsloven:

Utval/komite tiltak	Oppgåver	Personar	2023
<b>Leiing:</b>			
Sokneråd	Økonomi, strategi, leiing	Valde	7 møter, 61 saker
Arbeidsutval	Støtte for sokneråd	Indirekte vald	Ikkje oppretta
<b>Gudstenestelivet/kyrkjelege handlingar</b>			
Gudstenesteutval	Planlegging av gudstenester, engasjera frivillige til klokkarteneste, kyrkjevert, kyrkjekaffi mm.	Frivillige, soknepresten	
Gudstenester		Sokneprest, tilsette, frivillige	Gudstenester
Kyrkjelege handlingar	Gravferd, vigsel, dåp	Sokneprest, tilsette	
Andaktar Åseralsheimen		Sokneprest	
Sorgsamtalar		Sokneprest	
<b>Kyrkjeleg undervisning</b>			
Trusopplæringsutval	Trusopplæringsplan	Sokneprest, tilsette frivillige	
Trusopplæringstiltak og komitear		Sokneprest, tilsette frivillige	
Konfirmantutval		Sokneprest, frivillige	
Konfirmantundervisning		Sokneprest , frivillige	

Samarbeid skule	Gudsteneste før jol Teikningar til programmet for gudstenester 17. mai og jolaftan	Sokneprest, tilsette, frivillige	
Samarbeid barnehage	Barn frå barnehagen planta i Barnas blomebed ved Åseral kyrkje	Kyrkjetenar, frivillige	
<b>Diakoni</b>			
Diakoniutval	Diakoniplan	soknepresten, frivillige	4 møter
<b>Kyrkjemusikk</b>			
Konsertar og arrangement	Påskekonert, jolekonert	Tilsette, frivillige	
<b>Misjon</b>			
Misjonsprosjekt	Misjonsalliansen sitt arbeid i Liberia		
<b>Økonomi/gjevarteneste</b>			
<b>Kommunikasjon</b>			
Kyrkjelydsblad	Kyrkjeblad felles med Evje og Hornnes	Felles redaksjon og styre.	Eiga årsmelding
Heimeside	Informasjon, påmelding	Soknepresten, tilsette innleigd	
Anna marknadsføring	Facebook, Åsdølen, annonsering, oppslag	Tilsette, frivillige	
<b>Anna</b>			
KN kontakt	Fasteaksjonen	Frivillig	
Kriseteam	Kommunalt	Sokneprest	

## Nøkkeltal:

Åseral sokn	2020	2021	2022	2023
Dåp	8	6	9	3
Konfirmantar	0	8	5	7
Vigsler	2	6	2	0
Deltakarar vigsler		366	<b>89</b>	<b>0</b>
Gravferder		6	5	9
Deltakarar gravferder		330	<b>361</b>	<b>1012</b>
Gudstenester sundag/heilag	17	14	26	23
Deltakara sundag...	757	662	<b>1713</b>	<b>1552</b>
Gj. snitt sundag..	45	47	66	68
Andre gudstenester	4	1	1	2
Deltakarar andre gudstenester	79	12	<b>25</b>	<b>68</b>
Nattverdsgudstenester	2	0	4	7
Deltakarar nattverd	31	0	177	243
Gj snitt nattverd	16	0	44	35
Familiegudstenester	2	2	4	6
Deltakarar familiegudstenester	91	72	200	278

Gj.snitt familiegudstenester	30	36	50	46
Ungdomsgudstenester	1	0	2	0
Deltaking ungdomsgudstenester	41	0	64	0
Skule/barnehagegudstenester	2	0	1	1
Deltaking jolaftansgudstenester	0	0	150	180
Økumeniske gudstenester			1	0
Deltaking økumeniske gudstenester			75	0
Allhelgensgudsteneste deltaking			13	8
Andakt institusjon	1	2	6	18
Besøksteneste	47	48	35	36
Sjelesorgsamtalar	0	0	0	10
Konsertar	1	0	3	3
Deltaking konsertar	24	0	160	209
Totalt kyrkjebesøk (Gudstenester, gravferd, vigsler, konsertar m.m)			2348	2841

### Nøkkeltal trusopplæring:

Tiltak	Oppmøte	% oppmøte
Babysong	0	0
0-4 kyrkjefadrar	30	100
4-årsbok	10	111
5-kyrkjerotter	3	100
6-års bok	7	100
8-9 Tårnagentane	7	47
10- år nytestamente	5	100
11- år Lys våken		
15- konfirmasjon	7	88
16-17 konfirmantleiarar	0	0

Lys våken ikkje gjennomført i 2023 da me skal over på ei ny rutine for utdeling.

### Rekruttering - utvikling medlemmar 0-4 år :

2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
38	31	33	30	30	29	26	26	20

**Andel døypte av fødte:** Det vart døypt 8 åsdølar i 2022, samstundes vart fødd 7 i 2022. I 2023 vart det døypt 3 og fødd 7

2022	2023
114%	43%

Dette talet kan bli over 100%. Barnet treng ikkje vere døypt same året som det vert fødd. Denne statistikken må vurderast over tid.

### **Kommentarar til nøkkeltal:**

Gjennomsnittleg oppmøte på gudstenester på sun-/og heilagdagane stig framleis. Det samla oppmøtetalet stig også som følgje av fleire gravferder og auka oppmøte i gravferder. Godt oppmøte på konsertane.

Dåpstalet er diverre uvanleg lågt. Det har heller ikkje vore vigsel i 2023.

Det er verdt å merke seg at tilbodet kyrkja gjev til institusjonar har auka kraftig.

Folkekyrkja sin styrke er framleis at me har tilnærma 100% oppslutnad om gravferder og er det naturlege valet for folk flest når dei skal ta avskil med sine næraste. På dette området er det ingen som kan erstatta kyrkjens rolle i overskodesleg framtid

Kyrkja har også god oppslutnad om trusopplæringstiltaka og konfirmasjon blant medlemmane. Det som vert avgjerande er at medlemstalet oppretthaldast. Dette skjer ved dåp. Dette talet har diverre ein langsiktig negativ utvikling. I 2023 hadde me berre 3 dåp. Dette skjedde også i 2018, så me vonar dette kan seg opp att. Det ser ut til at dette talet i stor grad skuldast lågt fødselstal.

### **Prestens årsrapport for Åseral.**

Generell vurdering av situasjonen i soknet: Ingen store endringar.

Gudstenester: Ingen store endringar. Gudstenester utan særskild program har særleg låg oppslutnad. Det er godt besøk på gudstenester på vintersportsstader i påska. I det heile er gudstenester utandørs betre besøkt enn vanlege gudstenester i kyrkja. Skulegudstenesta før jul med god deltaking.

#### Andakter.

Presten held andakter på Open dag ein gong i månaden og på Åseralsheimen med to til tre veker mellomrom.

#### Konfirmantarbeid.

7 konfirmantar deltek i sesongen 2023/24. Astrid Heggland Skeibrok er tilsett på timebasis som medhjelpar. Ho hjelper til med forskjellige praktiske ting. Hun har med mat til undervisningstimane. Ho gjennomførte Kick-off. Ho organiserer også overnattingstur for konfirmantane til eige hytte i Åseral der presten også er med. Konfirmantundervisninga har vore på sakristiet i Åseral kyrkje.

### **Trusopplæringstiltak**

Trusopplæringsplanen har blitt gjennomført som normalt bortsett frå babysong. Sjå liste over tiltak i nøkkeltal over. Det er familiegudstenester i samband med 4/6 – års bok, tårnagentar, utdeling av nytestamente for 10-åringar og lys våken.

## **Hjelpearbeid og misjon:**

### **Kirkens Nødhjelp – fasteaksjon**

Tema for fasteaksjonen 26. – 28. mars 2023 var «Håp i en drope vatn». Kirkens Nødhjelp arbeider med å sikre at menneske i naud får tilgang til vatn, hygiene og sanitære løysingar.

Hausten 2022 var Arna Berg, kontaktperson i Åseral for Kirkens Nødhjelp, med på mobiliseringsreise til Tanzania. Dei besøkte vasspumper og andre prosjekt som har kome i gang på grunn av innsamla midlar. Hjelpa har kome fram og mange menneske har fått eit nytt liv, ny framtid og håp. Det vart arrangert ein fasteaksjonskveld der Arna fortalde og viste bilete frå reisa til Tanzania og besøk på Haydom Hospital, samt utlodding som ein del av fasteaksjonen. Konfirmantane, soknerådsmedlemar og andre frivillige besøkte alle husstandane i kommunen med bøsser.

I Åseral blei det i alt samla inn kr. 53 417 i fasteaksjonen, av dette kr. 24 127 i fastebøssene, resten frå utloddinga på aksjonskvelden, takkoffer, vipps og gåver.

### **Misjonsprosjekt.**

Soknerådet har Misjonsalliansen, Liberia, som misjonsprosjekt med tre offer og minimum kr. 5 000,- pr år

**Offer:** I offer kom det inn totalt kr. 72154,50 av dette var kr 10092,50- til eiga verksemd.

## **Song, musikk, kulturarrangement:**

Påskekonsert Ljosland 5. april

Musikkandakt Åknes 8.april

Vi syng jola inn med julegraut på bedehuset 17. desember

Kyrkjejubileum:

Det har vore ein komité som har arbeidd med markeringa av at Åknes kapell i 2023 vart 150 år. Medlemmene i komiteen har vore: Kari Røynlid, Susanne Skeie, Ruben Bortelid, Gunstein Kallhovd, Arna Berg, Kjell Steinbru og Rune Stormark.

Laurdag 19. august var det kulturvandring ved Lognavatn. Vandringa gjekk frå Lognavatn Grendehus med stopp i Åknestunet, Åknes kapell og Kyrkjevodden der den gamle stolpekyrkja stod. Sundag 20. august var det jubileumsgudsteneste ved sokneprest Kjell Steinbru og prost Rune Stormark. Tidlegare prestar Geir Ola Tveit, Olav Lehne og Oluf Teinum var tilstades og deltok i gudstenesta. Solid musikalsk framføring av folkesongar ved Kari Røynlid. Etterpå var det jubileumsfest på Lognavatn Grendehus med talar, helsingar og musikalsk innslag ved organist Oddbjørn Stakkeland. Styret for grendehuset var aktivt med i planlegginga og jubileumshelga. Dei hadde ansvar for maten som var rjomegraut og spekemat laurdag, og kjøttsuppe, dessert og kakebord sundag.

## **Informasjon:**

### **Heimeside og Facebookside.**

Hovudformålet med heimesida er at kontaktinformasjon og kalender skal vere lett finna for folk flest, kva tid som helst. Facebooksida brukast til påminning om ting som skjer.

### **Kyrkjeblad**

Fjerde året med felles kyrkjeblad for Åseral, Evje og Hornnes. Åseral har to medlemmar i styret og redaksjonskomiteen for bladet. Frivillige delar ut bladet til alle husstandane i Åseral.

### **Frivilligsentralen:**

Åseral sokneråd er med i frivilligsentralen som medeigar. Alle eigarane kan bruka frivilligsentralen sin buss, dette har vore til nytte i konfirmantarbeidet.

### **Bygg og anlegg:**

#### **Dugnad på gravplassane:**

Det vart det gjort ein solid dugnadsinnsats på gravplassane med påfylling av jord i søkkane. Soknerådet er takksam for alle dei arbeidstimar som her vart lagd ned.

#### **Vedlikehald.**

Det er lagt fliser og sluk i bårhuset i Åseral, og vedlikehalde gjerde rundt Ljosland kyrkjegard.

Takk.

Takk til alle som bidrog med ulike tenester i kyrkjelyden i 2023!

**Åse Austrud**

**Soknerådsleiar**

**Sjur Høgetveit**

**Kyrkjeverje**



## Vedlegg:

### Økonomi

#### Årsrapport gudstenesteutval

#### Årsrapport trusopplæringsutval

#### Referat frå møte i trusopplæringsutvalet 24.10.23

#### Årsrapport diakoniutval

#### Årsrapport diakonisamarbeid

#### Årsrapport kyrkjeblad

### Økonomi:

Soknerådsfunksjonen – anna kyrkjeleg verksemd, ikkje revidert

### Kommentarar:

Det var budsjettert med eit underskott på kr. 35 000,- noko som gjer at funksjonen ligg an til eit mindreforbruk på over kr. 120 000,- i forhold til budsjett.

Det er eit stort mindreforbruk på løningar på over kr. 33 000,- grunna at det ikkje har lukkast å tilsetja trusopplærar og kyrkjelydsarbeidar i så stor grad som planlagd.

Vidare er det eit underforbruk på varer og tenester på over kr. 85 000,- grunna at diakonisamarbeidet vart avslutta.

Soknerådet har fått kr. 130 000,- i trusopplæringsmidlar frå kyrkja sentralt (Rettssubjektet Den Norske kyrkje). Desse skal nyttast til trusopplæring for gruppa 0-18 år, og bruken av desse må rapporterast til kyrkja sentralt.

Må fekk eit tilskott frå Hekta me ikkje hadde rett på som måtte tilbakebetalast.

## Anna kyrkjeleg verksemd 2023 - Åseral sokn - soknerådsfunksjonen

		Rekneskap	Rev.budsjett	Avvik
30100	Fastlønn	25 698,98	95 000,00	-69 301,02
30108	Kveld og nattillegg	3 221,19	3 000,00	221,19
30200	Lønn til vikarer	6 853,58	0,00	6 853,58
30300	Lønn til ekstrahjelp	4 148,94	0,00	4 148,94
30500	Annen lønn og trekkpliktige godtgjørelser	160,06	0,00	160,06
30900	Pensjonsinnskudd	11 277,35	18 000,00	-6 722,65
30990	Arbeidsgiveravgift	5 444,44	12 000,00	-6 555,56
		<b>56 804,54</b>	<b>128 000,00</b>	<b>-71 195,46</b>

31100	Aktivitetsrelatert forbruksmateriell/utstyr/tjenester	13 753,93	2 000,00	11 753,93
31101	Dåpsopplæring	10 455,07	8 000,00	2 455,07
31103	Konfirmantarb.	19 518,05	15 000,00	4 518,05
31200	Annet forbruksmateriell	2 539,43	2 000,00	539,43
31205	Matvarer	16 095,55	5 000,00	11 095,55
31301	Gebyr, post,bank	0,00	3 000,00	-3 000,00
31400	Annonse, reklame,trykking, informasjon og representasjon	3 796,00	1 000,00	2 796,00
31401	Gaver/blomster	2 216,30	5 000,00	-2 783,70
31500	Opplæring, kurs	0,00	3 000,00	-3 000,00
31600	Utgifter og godtgjørelser for reiser, diett, bil m.v. som er oppgavepliktige	1 192,90	1 000,00	192,90
31850	Forsikringer og utgifter til vakthold og sikring	450,00	0,00	450,00
31851	Forsikring tilsette	1 909,08	0,00	1 909,08
31900	Leie av lokaler og grunn	0,00	10 000,00	-10 000,00
31950	Avgifter, gebyrer, lisenser o.l.	3 035,00	0,00	3 035,00
32700	Konsulenttjenester/kjøp av tjenester	12 200,00	20 000,00	-7 800,00
		<b>87 161,31</b>	<b>75 000,00</b>	<b>12 161,31</b>
34290	Merverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	4 538,79	0,00	4 538,79
34650	Overføring av ofringer/middel samlet inn til andre	52 444,75	62 000,00	-9 555,25
37290	Kompensasjon moms påløpt i driftsregnskapet	-4 538,79	0,00	-4 538,79
38050	Tilskudd fra rettsobjektet Den norske kirke	-151 028,36	-129 000,00	-22 028,36
38600	Offer/samlet inn til egen virksomhet	-10 789,50	-7 000,00	-3 789,50
38650	Offer/samlet inn til annen virksomhet	-52 444,75	-62 000,00	9 555,25
39400	Bruk av ubundne fond	-20 000,00	-20 000,00	0,00
39500	Bruk av bundne fond	0,00	0,00	0,00
		<b>-37 852,01</b>	<b>47 000,00</b>	<b>-84 852,01</b>

Det vart budsjettert med eit meirforbruk på kr. 47 000,- som måtte ha vore dekt inn av den kommunale rammeoverføringa. Resultatet viser at kyrkjelyden har fått inn kr. 37852,01 meir enn det som er brukt. Dette er kr. 84852,01 betre enn budsjettert. Dette resultatet er oppnådd ved kr. 20 000,- i bruk av fond. Dette gjer at ansvaret/kyrkjelydsarbeidet har eit netto driftsresultat på kr. 17 852,01. Årsaka til mindreforbruket er at me ikkje har fått tilsett trusopplærar slik planen var.

### Kyrkjias samla drift inkludert fellesrådsfunksjonen– avvik 2023

Kyrkjeleg administrasjon	65 990,18
Kyrkjer	-13 753,98
Gravplasser	81 238,44
Anna kyrkjeleg	-84 852,01
Sum drift	48 622,63
Renter	-18 947,76
Aksjer, utlån	4 215,00
Sum finans	-14 732,76
Merforbruk	33 889,87

Disposisjonsfond inngående	-466 595,57
Bruk av disp.fond	174 000,00
Merforbruk	33 889,87
Disposisjonsfond utgående	-258 705,70

Soknerådsdrifta total har eit meirforbruk kr. 33 889,87,- Anna kyrkjeleg verksemd hadde eit mindreforbruk på kr. 84 852,01. Dette betyr at fellesrådsdrifta har eit meirforbruk på kr.133 474,64. Meir detaljert gjennomgang kjem i samband med årsoppgjær. I budsjettet ligg det bruk av disposisjonsfond på totalt kr. 174 000,- Kyrkja hadde ved årets start eit disposisjonsfond på kr.466 595,57,- , Dette vil bli redusert på grunn av meirforbruk og bruk av fond i budsjett.

## Årsmelding for Gudstenesteutvalet 2023

Medlemmar: Sokneprest Kjell Steinbru, soknerådsleiar Åse Austrud og Arna Berg.

Kjell Steinbru sette opp forslag til gudstenesteliste for 2024. Åse Austrud og Arna Berg sette opp forslag til offerliste for 2024, og har elles samarbeida om å skaffa kyrkjevertar, samt kyrkjekaffi, og andre praktiske ting. Det har vore 10 kyrkjevertar i løpet av året.

Det har vore 3 frivillige klokkarar. Dei møtest og fordelar gudstenestene seg imellom.

Det har vore samarbeid med ortodokse og katolske om økumenisk samling, og det vart arrangert Jolefest – Heilagtrekongarsfest den 6. januar.

Åseral, 6. mars 2024

Arna Berg

## Årsmelding for Trusopplæringsutvalet 2023

Medlemmar: Sokneprest Kjell Steinbru, Andreas Forgard, soknerådsleiar Åse Austrud og Gunvor Ljosland. I tillegg Arna Berg som er engasjert i organisering av trusopplæringsarbeidet og gjennomføring av planen.

Utvalet har arbeidd mykje med justering av Trusopplæringsplanen for å få til noko for alle aldersgrupper som er gjennomførbart. I møte 24.10.23 kom ein fram til ein plan som er oversendt soknerådet, viser til referat.

Åseral kyrkjelyd har 6 frivillige kyrkjefadrar som vitjar barnet og familien og har med gaver ved 1, 2 og 3 års dåpsdag, samt invitasjon til gudstenesta ved utdeling av 4. års boka.

Gunvor Ljosland er tilsett som trusopplærer for Babysang, men for 2023 har det ikkje vore aktuelt. Anna Heggland har vore inne som trusopplærer etter avtale.

Det er ei stor utfordring å få gjennomført ei god nok trusopplæring når ein ikkje har ein fast tilsett trusopplærer til å taka seg av det.

Åseral, 6. mars 2024

Arna Berg

## Årsmelding for Diakoniutvalet 2023

Medlemmar: Sokneprest Kjell Steinbru, Lise Marit Tickner, Arna Berg, samt soknerådsleiar Åse Austrud som og har vore med dette året.

Utvalet hadde møte før prostidiakonen slutta, ellers har det vore kontakt over telefon.

Åseral kyrkje ha vore med på det treårige prosjektet «Pilegrimsvandring i Otredalen prosti» som gjekk frå Hovden til Vennesla. Åse Austrud og Arna Berg møtte i komiteen som planla den siste pilegrimsvandringa frå Åseral til Vennesla. Den starta med pilegrimsgudsteneste i Åseral kyrkje ved Kjell Steinbru og kaffi på kyrkjebakken. Arna hadde ansvar for løypetraseen som fylgde den gamle byvegen frå Kyrkjebygd til Vormelid. Etter avtale med skulen hadde ungdomsskuleelevar ein utedag for å rydda stien. Torfinn Hageland var turleiar og hadde mykje å fortelja undervegs.

Det er vidare byrja planlegging av ein dags pilegrimsvandring frå Bygland til Åseral i 2024.

### «Stille stund» - Allehelgens samling i Åseral Kyrkje, laurdag 4. november kl. 19:00.

Dei siste åra har ein hatt allehelgens samling i Åseral kyrkje, som vert kalla «Stille stund». Kvelden er open for alle, men det vert sendt invitasjon til dei som har mista nokon av sine det siste året. Ord til trøyst ved Kjell Steinbru, og det blei tend ljøs for dei som gjekk bort siste året. Ved orgelet Oddbjørn Stakkeland. Samlinga vart avslutta med kyrjekaffi.

### Blomar til alle over 80 år.

Frivillige vitja alle over 80 år (medlemmar i kyrkja) føre jol med blome og jolehelsing. 36 medlemmar fekk blome og helsing.

Det er behov for diakon til å utføra dei diakonale oppgåvene i kyrkjelyden.

Åseral, 6. mars 2024

Arna Berg

# Referat frå møte i trusopplæringsutvalet

Tysdag 24.10.23, kl. 12:00 – 13:30

Åseral kyrkjekontor

Tilstades:

Åse Austrud, Gunvor Ljosland. Andreas Forgard, Sjur Høgetveit og Arna Berg

Forfall: Kjell Steinbru

Trusopplæringsutvalet har arbeidd med å få til gjennomførbare opplegg for borna for kvart årskull, og vedtok følgjande plan:

## Trusopplæring - årskull

- 0 år** Dåp  
Babysang
- 1 år** Besøk av kyrkjefadder som har med gåve, koselam og bilete mrd Fadervår
- 2 år** Besøk av kyrkjefadder som har med gåve, barnebibel
- 3 år** Besøk av kyrkjefadder som har med gåve, puslespel og matboks
- 4 år** Besøk av kyrkjefadder som har med innbyding til gudsteneste med utlev. av 4 års bok
- 5 år** Kyrkjerotter (DNK - for born mellom 3 og 6 år)
- 6 år** Invitasjon til gudsteneste med utlevering av 6 års boka
- 7 år** Arrangement i kyrkja «Vi syng jola inn» og jolegraut på bedehuset ettepå med opplegg for borna.
- 8 år** Tårnagent helg, samling laurdag og tårnagentane deltek ved gudstenesta sundag
- 9 år** Påske, aktivitetsbok. Samling for 9 åringar dersom det er mogeleg å få til, elles vert det sendt til alle.
- 10 år** Utdeling av 10 års Bibel, ved same gudsteneste som Lys våken.
- 11 år** Lys våken helg, med Lys våken gudsteneste (DNK – for 11 åringar)
- 12 og 13 år** Felles pinsesamling for 12 og 13 åringar annankvart år
- 14 år** Konfirmasjonsundervisning

**15 år** 10 klasse, ev. opplegg saman med konfirmantane eller som medhjelparar i kyrkja.  
**16 år** vgs  
**17 år** vgs  
**18 år** vgs

Andre tiltak: Bornas blomebedd for barnehageborn

Første leveår 0 – 5 år: Om lag 50 t.

Barndomsåra 6 – 12 år: Om lag 145 t.

Ungdomsåra 13 – 18 år: Om lag 120 t. derav 60 t. knytta til konfirmanttida.

Den døypte skal ha 315 t. trusopplæring gjennom 18 år.

Arna Berg

skrivar

## Kyrkjebladet for Åseral, Evje og Hornnes

### Årsmelding for 2023

#### **Styre og redaksjonskomité:**

Frå Evje og Hornnes sokneråd: Lindy Eidem, Inger Juvastøl og Ingvar Østerhus.

Frå Åseral sokneråd: Olav Åsland og Arna Berg.

Styreleiar og redaktør: Arna Berg.

Sekretær: Olav Åsland.

#### **Møte.**

Styret har hatt to møter, 9. februar og 23. oktober for å handsama rekneskap, budsjett og årsrapport.

Redaksjonskomitéen har hatt 4 møter, 9. februar, 25. april, 28. august og 23. oktober.

#### **Trykkeri.**

Kyrkjebladet vart trykt ved Setesdalstrykk AS som og hadde ansvaret for layout/ombrekking.

#### **Utgjeving.**

Det vart gjeve ut 4 utgåver, påske, sommar, haust og jol. A4 format og 12 sider i fargar.

#### **Økonomi.**

Styret/redaksjonskomitéen gjer alt arbeid med bladet utan nokon form for økonomisk godtgjering. I Åseral er det frivillige som køyrer rundt med kyrkjebladet til husstandane i Åseral sokn. Inntektene er annonsar, gåver og offer til bladet. Trass i det omfattande frivillige arbeidet som vert lagt ned, så vil vi ikkje greia å koma i driftsbalanse for året, men må bruka av oppsparde midlar i banken. Styret kom fram til fylgjande tiltak for å koma i balanse: Få inn fleire annonsørar og auka annonseprisen med 5 % frå 01.01.24, samt å be dei respektive sokneråd/menighetsråd om at dei i sine budsjett for neste år legg inn ein post kvar på 5 000,- øyremerka tilskot til drift av kyrkjebladet.

**Takk.**

Takk for godt samarbeid med tilsette og kyrjekontora i begge sokn og særleg kyrkjeverje Sjur Høgetveit som har ansvar for rekneskapen.

Takk til alle som på ulike måtar har medverka til at kyrkjebladet har blitt så vellukka!

Åseral 5. februar 2024

Arna Berg  
Styreleiar og redaktør